

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Kulturavdelinga
Sak nr.: 14/2633-2

Bergen Filharmoniske Orkester - avtale 2014-2017

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:

Avtale mellom Bergen Filharmoniske Orkester, Førde kommune, Sogndal kommune, Gloppen kommune, Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune for perioden 2014 – 2017 vert godkjend slik den ligg føre i vedlegg 1.

Vedlegg:

Avtale mellom Stiftelsen Harmonien og Førde, Sogndal, Gloppen og Flora Bergen

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn / vurdering

Det er forhandla fram ny avtale mellom Bergen Filharmoniske Orkester, Førde kommune, Sogndal kommune, Gloppen kommune, Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om konsertar i Sogn og Fjordane (jf vedlegg 1).

Avtalen erstattar tidlegare avtale som formelt sett gjekk ut i 2013.

Den nye avtalen byggjer i stor grad på tidlegare avtale med nokre mindre justeringar. Flora kommune er no kommen inn som ny part i samarbeidet. Avtalen går fram til 2017, med høve til forlenging til 2019.

Det vert lagt opp til fire konsertar årleg i fylket; to nyttårskonsertar (Førde og Sogndal) og to vår-/haustkonsertar (Sandane og Florø). For 2014 vert den fjerde konserten lagt til Førde grunna ombygging av samfunnshuset i Florø.

Honorar/bidraget til orkesteret er pris-justert (frå 80 000 kr til 90 000 kr for dei lokale arrangørane, og frå 200 000 til 220 000 for fylkeskommunen). Lokal arrangør får alle billettinntektene. Fylkeskommunen sin del av kostandane for 2014 vart løyvt i HK-sak xx/14. Løyvingane for dei kommande åra må prioriterast innan hovudutvalet si budsjetttramme.

Avtalen sikrar innbyggjarane i fylket regelmessig tilgang til å oppleve eit av Europas beste symfoniorkester spele i eige fylke. Det vert også i avtalen lagt vekt på at samarbeidet skal bidra til positiv kontakt inn mot skuleverk/kulturskular/musikkmiljø i eige fylke.

Avtalen vert tilrådd frå alle partane slik den ligg føre no.

2. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at avtalen vert godkjend slik den ligg føre i vedlegg 1.